



AUSTRHEIM KOMMUNE

Rådmannen

Hordaland Fylkeskommune
postboks 7900

5020 BERGEN

Dato	Vår ref.	Dykkar ref.
01.02.2017	17/56 - 2	

Melding om vedtak - Tilskot til båtrute Øygarden - Nordhordland

Sjå vedlagt saksdokument.

Vennleg helsing
Emma Hjelmtveit
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen underskrift

Andre mottakere:

Fedje kommune, Hordaland Fylkeskommune, Radøy kommune, Øygarden kommune

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
016/17	Formannskapet	PS	26.01.2017

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 223	17/56

Tilskot til båtrute Øygarden - Nordhordland

Vedlegg:

Søknad Øyhopping - båtrute Øygarden - Nordhordland(35102)

Framlegg til vedtak:

1. Austrheim formannskap løyver kr.37.500,- for 2017 til lenging av båtruta mellom Øygarden og Fedje . Kostnaden vert dekkja frå 149038011902 – Formannskapet sin tilleggsøyving.
2. Kr.37.500,- vert innarbeid i kommunen sin økonomiplan for perioden 2018 – 2019.

Formannskapet - 016/17 - 26.01.2017

FS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS vedtak:

1. Austrheim formannskap løyver kr.37.500,- for 2017 til lenging av båtruta mellom Øygarden og Fedje . Kostnaden vert dekkja frå 149038011902 – Formannskapet sin tilleggsøyving.
2. Kr.37.500,- vert innarbeid i kommunen sin økonomiplan for perioden 2018 – 2019.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Austrheim kommune har fått støtte frå Hordaland Fylkeskommune til ei turistrute mellom Hellesøy i Øygarden, Fedje og Austrheim i sommarsesongen. Denne ruta er ei rundløype som Fylkeskommunen i budsjettframlegg for 2017 er positiv til, men slik saka ligg føre vert det gjort atterhald om at kommunane Øygarden, Fedje og Austrheim tek sin del av kostnaden. Turistruta er eit prosjekt som gjeld for ein treårs periode.

Tilskotet frå fylkeskommunen er gitt etter søknad datert 01.09.15 og tilsagnet er gitt i fylkeskommunen sitt budsjett for 2017. Sjå nærare beskriving av prosjektet i vedlagt søknad.

Øygarden formannskap har i møte den 07.12.16,sak 121/16 gjort fylgjande vedtak:

1. Formannskapet løyver kr 75 000 årleg til lenging av båtruta mellom Øygarden og Fedje i perioden 2017- 2019.
2. Dekningspost for kr 75 000 i 2017 vert dekkta av formannskapet sine reserverte tilleggsøyvingar.
3. Rådmannen får i oppdrag å innarbeida vidareføring av tiltaket i økonomiplanen for 2018 og 2019.

Vurdering

Eg fin det rimeleg at Austrheim kommune støtter dette prosjektet som initiativtakar, sjå vedlagt søknad.

Økonomi

Dei totale kostnadene for kommunane er kr. 150.000,- årleg i ein treårsperiode.

Øygarden dekker kr. 75.000,- og Austrheim og Fedje dekker kvar kr. 37.500,-.

Kostnaden må dekkast frå formannskapet sin tilleggsøyving og må vidareførast i 2018 og 2019.

Konklusjon

Eg rår til fylgjande:

1. Austrheim formannskap løyver kr.37.500,- for 2017 til lenging av båtruta mellom Øygarden og Fedje . Kostnaden vert dekkta frå 149038011902 – Formannskapet sin tilleggsøyving.
2. Kr.37.500,- vert innarbeid i kommunen sin økonomiplan for perioden 2018 – 2019.